

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
 Sak nr.: 14/492-2

Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i kommunane Jølster og Gloppen - Jølsterpakken

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen ser at det alt er bygt ut mange kraftverk både i Jølster og Gloppen og at det i «Jølsterpakken» er lagt fram seks nye småkraftprosjekt i Jølster og eitt i Gloppen. Fylkeskommunen meiner likevel at landskapsrommet i området er stort, og at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudinntrykket av landskapet. Samla ulemper frå alle dei aktuelle prosjekta for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv er vurdert til å vere moderate, men ulempene varierer frå prosjekt til prosjekt.
2. Fylkeskommunen har vesentlege merknader til fire av prosjekta: Kupekraft, Åmot, Driva og Paulen. Negative konsekvensar av utbyggingsframlegget vil først og fremst merkast lokalt, men for Kupekraft, Åmot og Driva vil dei merkast også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser.
3. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Øvrebø, Helgheim og Neselva II kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår:
 - 3.1. For Øvrebø kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 200 liter/sek.
 - 3.2. For Helgheim kraftverk skal det leggest stor vekt på støydemping ved kraftstasjonen og tilpassing i høve til landskap og bygningsmiljø.
 - 3.3. For Neselva II kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til minst 400 liter/sek.
4. Fylkeskommunen meiner at det må seiast nei til utbyggingsforslaget for Kupekraft kraftverk basert på rørgate og anleggsveg vest for Såtehaugen. Om det skal gjevast løyve til utbygging, må dette baserast på at vassvegen vert lagt i fjell. Av omsyn til landskap og brukarinteresser, må det sleppast meir vatn enn alminneleg lågvassføring (50 l/sek) frå inntaket. Fylkeskommunen foreslår 300 liter/sek.
5. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Åmot kraftverk og Driva kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er lagt vekt på at elva Driva er eit viktig landskapselement både med fossen og stryka ved Høyset og små fossar og stryk høgare oppe i Haugadalen. Det er lagt vekt på at det gjennom Haugadalen går ei viktig turrute innover i Jostedalsbreen nasjonalpark. Om det likevel skulle bli gitt konsesjon for Åmot og/eller Driva kraftverk, må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 1,5 m³/sek for Åmot-prosjektet og 1,4 m³/sek for Driva-prosjektet.
6. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Paulen kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er m.a. lagt vekt på at det regionalt viktige kulturminnet «Den trondhjemske postveg» går gjennom tiltaksområdet og at det fleire stader er direkte fare for å øydelegge dette kulturminnet.

Saksutgreiing for kvar enkelt søknad ligg under eigne (a-)saker:

- 14/492 nr. 3: Saksutgreiing for Øvrebø kraftverk
- 14/492 nr. 4: Saksutgreiing for Helgheim kraftverk
- 14/492 nr. 5: Saksutgreiing for Kupekraft kraftverk
- 14/492 nr. 6: Saksutgreiing for Åmot kraftverk
- 14/492 nr. 7: Saksutgreiing for Paulen kraftverk
- 14/492 nr. 8: Saksutgreiing for Driva kraftverk
- 14/492 nr. 9: Saksutgreiing for Neselva II kraftverk

Vedlegg til 14/492 nr. 2:

1. Brev frå NVE 17.01.2014.
2. Uttale frå Gloppen kommune(Neselva II kraftverk), kommunestyret 24.03.2014.
3. Uttale frå Jølster kommune, adm. tilråding 23.04.2014. Politisk handsamning 30.04.14.

4. Jølster kommune, politisk uttale til seks småkraftverk og samla vurdering i «Jølsterpakken»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Konesjonssøknad Øvrebø kraftverk. Des. 2013.
2. Konesjonssøknad for Helgheim kraftverk . Des.2013.
3. Konesjonssøknad for Kupekraft kraftverk. Januar 2014.
4. Konesjonssøknad for Åmot kraftverk .Oktober 2013.
5. Konesjonssøknad for Paulen kraftverk. Oppdatert 2013.
6. Konesjonssøknad for Driva kraftverk. November 2013.
7. Konesjonssøknad for Neselva II kraftverk. Oktober 2013.
8. Brev 30.04.2014 frå Villreinnemnda i Sogn og Fjordane til NVE (14/492 nr. 11)
9. Brev 29.04.2014 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til NVE (14/492 nr. 12)
10. Brev 02.05.14 frå Naustdal-Gjengedal verneområdestyre til NVE ang. Kupekraft (14/492-13)
11. Brev 02.05.14 frå Sogn og Fjordane Turlag til NVE ang. Kupekraft kraftverk (14/492 nr. 14)

SAKSFRAMSTILLING

1. Kort omtale av dei sju prosjekta det er søkt om løyve til

Frå NVE har fylkeskommunen fått til uttale søknader frå fleire søkjarar om å bygge seks småkraftverk i Jølster kommune og eitt i Gloppen kommune. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla. Frist for uttale er sett til 02.05.2014. Fylkeskommunen har fått utsett frist til 15.05.2014. Saksutgreiing for kvar einskild søknad ligg ved.

Øvrebø kraftverk. Søkjar: Øvrebø Kraftverk AS

Kraftverket vil nytte fallet i Hegrenselva/Øvrebøelva med Øvrebøfossen mellom inntaket på kote 523 og kraftstasjonen på kote 327 moh. Det er planlagt rørgate i gravd/ sprengt grøft, 1,3 km. Rørgata skal krysse elva. Eksisterande skogsbilveg og traktorveg skal nyttast til arbeid med rørgata. Det er behov for 100 m ny veg til kraftstasjonen og 120 m ny veg til inntaket. Planlagt installert effekt er 3,2 MW og venta produksjon er 10,2 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 77 l/s heile året. Utbyggingsprisen er berekna til 3,80 kr/kWh.

Helgheim kraftverk. Søkjar: Helgheim Kraft (SUS)

Kraftverket vil nytte fallet i Helgheimselva mellom kote 469 og kote 214. Inntaket er planlagt med ein 25 m lang og 3 m høg dam i elveløpet. Nedgravd rørgate (1300 m) vil gå gjennom skog, og vidare nedover dyrka mark til kraftverket. Kraftstasjonen skal plasserast på oppsida av E39/Rv5 ved Helgheim kyrkje. Det er planlagt overføring (ca 300 m) av Stølselva som kjem frå Husstølen, til inntaket i Helgheimselva. 140 m eksisterande veg skal rustast opp og det skal byggast ca. 140 m ny veg. Installert effekt vil bli 3 MW og venta årsproduksjonen 7,4 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 45 liter/sek heile året, tilsv. 5-persentil sommar.

Kupekraft kraftverk. Søkjar: Kupekraft (SUS).

Kraftverket vil nytte fallet i Årdalselva mellom kote 778 og kote 340. Det er søkt om to alternative inntak: Direkte i Stegsvatnet eller i elva 150 m nedstrøms utløpet frå Stegsvatnet. For begge løysingane er det søkt om å regulere Stegsvatnet innanfor naturleg vasstand, målt til 80 cm. Nedgravd rørgate, 2,9 km, er planlagt langs vestsida av dalen. Det må byggast anleggsveg langs rørgata opp til inntaket. Det er planlagt ny bru over elva eit stykke nedanfor Legestøylen og 200 m ny permanent veg til kraftstasjon. Installert effekt er på 7,5 MW og venta årsproduksjon 30 GWh. Det er planlagt å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring, 50 l/s heile året.

Åmot kraftverk. Søkjar: Åmot Kraft (SUS)/Tinfos AS

Kraftverket vil nytte fallet i elva Driva med Drivafossen i Haugadalen mellom inntaket på kote 480 og kraftstasjonen på kote 300. Det er planlagt 1 km gravd/sprengt rørgate. Det må byggast 70 m ny veg til kraftstasjonen og 60 m ny veg til inntaket. Installert effekt vil bli 9,9 MW og berekna årsproduksjon 28,0 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 500 l/sek i sommarperioden og 156 liter/sek resten av året.

Paulen kraftverk. Søkjar: Paulen Kraft (SUS)

Kraftverket vil nytte fallet i Storelva mellom kote 132 og kote 97. Inntaket er planlagt ved utløpet frå Paulsvatnet og er søkt om å regulere vatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon på 1 m totalt. Gravd rørgate, 435 m, er planlagt i eller langs eksisterande kommunal veg. Det er planlagt 30 m ny veg til kraftstasjonen. Installert effekt vil bli 1,4 MW og berekna årsproduksjonen er 4 GWh. Det er planlagt å sleppe minstevassføring lik 5-persentilen, 500 l/sek sommar og 260 l/sek vinter.

Driva kraftverk. Søkjar: Driva kraft (SUS) v/Tinfos AS.

Kraftverket vil nytte fallet i Driva i Haugadalen mellom inntaket på kote 630 og kraftstasjonen på kote 480. Det er planlagt 1,5 km gravd/ sprengt rørgate. 1,6 km eksisterande veg skal rustast opp. Det må byggast 100 m ny permanent veg til kraftstasjonen. Det skal ikkje vere permanent veg fram til inntaket, all transport fram skal skje på bermark. Installert effekt vil bli 4,9 MW og produksjon 17,8 GWh. Minstevassføring 500 liter/sek sommar og 151 liter/sek vinter.

Neselva II kraftverk. Søkjar: Kleivafossen Kraft AS. (Gloppen kommune).

Kraftverket vil nytte fallet i Neselva på Nes/Ytre Kandal mellom inntaket på kote 380 og kraftstasjonen på kote 195. Vassvegen vert 820 m lang og skal i øvre delen gå i/ved eksisterande stølsveg i utsprengt i fjellgrøft. I nedre delen gjennom plantefelt av gran og beite/dyrka mark. Installert effekt vil bli 5,3 MW og årleg produksjon 20,55 GWh. Minstevassføring på 200 liter/sek sommar og 100 liter/sek vinter.



«Jøsterpakken» og andre kraftverk/prosjekt i området (kart utarbeidd av NVE)

Dei sju prosjekta i Jølsterpakken: grøne firkantar med raud prikk. Andre søknader: Grøne firkantar. Prosjekt som har fått konsesjon: raude firkantar med svart prikk. Utbygde kraftverk: raude firkantar. Utbygde minikraftverk: blå firkant.

2. Bakgrunn for saka

Samla plan for vassdrag

Stortinget vedtok i 2005 at vasskraftprosjekt med ein planlagt installasjon opp til 10 MW eller med ein årsproduksjon opp til 50 GWh er fritekne for vurdering i Samla plan. Dei sju prosjekta i «Jølsterpakken» er alle mindre enn dette, men nokre av prosjekta er vurdert i Samla plan tidlegare.

Kupekraft kraftverk, sitat s. 29 i søknaden.

Utbygginga av Stegsvatnet (Legestøylene kraftverk) låg opphavleg inne som prosjekt 34607 og klassifisert i kategori II i Samla plan. Kupekraft as søkte i 2004 NVE om å få endra prosjektet til kategori I slik at ein kunne søke om konsesjon for eit utbyggingsprosjekt mot Årdalen. Kupekraft as fikk 03.05.2005 vedtak frå NVE om at Legestøylene kraftverk var flytta frå kategori II til Kategori I og dermed også kunne søke konsesjon for utbygging. I tilsagnet frå NVE skriv NVE at ein skal ta med eitt alternativ der ein regulerar Stegsvatnet innanfor reglane i den føreslåtte felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal / Gjengedal. Som nevnt tidlegare i dokumentet gir dette opning for å regulere Stegsvatnet innanfor den naturlege variasjonen i vatnet. (NVE sak 200403140)

Eit prosjekt i elva Driva er tidlegare vurdert i Samla plan for vassdrag. Inntaket var planlagt litt høgare opp enn prosjekt som no er framlagt.

Neselva II kraftverk, sitat s. 11 i søknaden.

Etter at Naustdal-Gjengedal landskapsverneområde vart oppretta, har Direktoratet for naturforvaltning gitt Neselva ei forenkla handsaming og plassert ei stegvis utbygging av Neselva i kategori I. 1. byggesteg utnyttar fallet frå kote 62 til kote 195 og vart utbygt i 2005. 2. byggesteg er identisk med det omsøkte prosjektet Neselva II. Tilsiget frå Sørsendalsvatnet som tidlegare var planlagt overført til Nausta, vert no utnytta i dei to kraftverka i Neselva.

Naustdal – Gjengedal Landskapsvernområde (LVO)

Landskapsvernområdet vart oppretta i 2009. Inntaket til Øvrebø kraftverk ligg nær grensa til Naustdal- Gjengedal LVO. Inntaket til Kupekraft kraftverk ligg tett ved eller innafor grensa.



Klipp frå fylkesatlas: Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde (LVO) med gulgrøn skravur (til venstre) og Jostedalsbreen nasjonalpark med grønn skravur (til høgre)

Kupekraft kraftverk, sitat s. 29 i søknaden.

Inntaket i vatnet ligg innanfor grensa til landskapsvernområde for Naustdal / Gjengedal. Inntaket på kote 778 ligg rett utanfor denne grensa.

I forskrifta for landskapsvernområde er det beskrive følgjande:

e) Regulering av følgjande vatn dersom det vert gjeve konsesjon etter vassdragsreguleringslova for kraftutbygging:

1) Storevatnet i Gjengedalsvassdraget. Vasstanden må liggje innanfor øvre og nedre naturlege nivå.

2) Stegsvatnet ved utbygging mot Årdal i Jølster. Vasstanden må liggje innanfor øvre og nedre naturlege nivå.

Tiltakshavar har vore i kontakt med verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik og diskutert saka. Ein vart anbefalt å sende ein forepørsel til Miljødirektoratet der planene for Kupekraft vart beskrive med regulering innanfor naturleg årsvariasjon. Følgjande tilbakemelding vart gitt:

....reguleringa som forespurt vil være i tråd med forskrifta. Søknaden behandles av verneområdestyret for Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde og forutsetter således et positivt vedtak fra styret.

Styret for Naustdal-Gjengedalen landskapsvernområde vil behandle søknaden som ein høyringspart

Jostedalsbreen nasjonalpark

Prosjektet Driva kraftverk vil få eit inntak som ligg tett opp til nasjonalparkgrensa. Frå inntaket til Åmot kraftverk vil det vere om lag 1,6 km opp til nasjonalparkgrensa.

Fylkesdelplan for arealbruk

Friluftsområde med nasjonal og regional verdi er markert i denne planen frå år 2000.



Fylkesatlas: Friluftsområde med nasjonal og regional verdi.

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Delområda Jølstra og Gloppen/Stryn.

Fylkeskommunen har utarbeidd Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, fylkestinget des. 2012. Det er vedteke retningslinjer for ulike arealinteresser.

I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket: fjordar/fjordløp og innsjøar større enn 7 km². Fjordlandskapet dekker aktuelle utbyggingsområde både ved Jølstravatnet (eitt prosjekt: Helgheim kraftverk) og ved Breimsvatnet (eitt prosjekt: Neselva II kraftverk). I planen er det ikkje gitt retningslinjer fjordlandskap åleine.

I delområde Jølstra er det markert 20 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Øvrebøfossen inst i Årdalen er mellom desse, men den ligg ikkje i området markert som fjordlandskap. I delområde Gloppen og Stryn er det markert 31 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Drivafossen ved Høyset i Stardalen er mellom desse. Fossane i Neselva er ikkje markert tilsvarende.

Både Jølstravatnet og Breimsvatnet er markert som storaurevatn.

Inntaket og ein stor del av rørtrasen til Kupekraft kraftverk i Årdalselva/Daleelva ligg i område med nasjonal verdi for friluftsliv. Inntaket vil liggje innafor eller tett ved grensa til Naustdal-

Gjengedal landskapsvernområde. Øvre delen av tiltaksområdet har ingen menneskelege inngrep utanom stien opp til Stegsvatnet.

Inntaksbassenget og ein stor del av rørtrasen til Driva kraftverk vil ligge i område med nasjonal verdi for friluftsliv. Inntaket vil ligge tett opp under grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark. Området har få menneskelege inngrep, berre stølsvegen som går gjennom tiltaksområdet.

Retningslinje nr. 15 i planen seier dette:

Nasjonale friluftsområde som har få eller ingen menneskelege inngrep skal ha 1. prioritet.

Her er teksten slik:

Interesser av einståande verdi. Inngrep som vil innebere bortfall eller vesentleg reduksjon i slike arealinteresser, skal unngåast. «Føre- var-prinsippet» skal leggest til grunn.

Vassforskrifta

Jølster kommune ligg i vassområde Sunnfjord og Gloppen kommune i vassområde Nordfjord i vassregion Sogn og Fjordane. Planprogrammet for desse områda omtalar arbeidet og planprosessen fram mot ein godkjent forvaltningsplan for vassregionen i 2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

Verneplan for vassdrag



Frå fylkesatlas: Verna vassdrag i området rundt Jølstervassdraget og Breimsvassdraget.

3. Søkjarane sine vurderingar av samla verknadar/sumverknadar

I alle dei sju søknadene er det gjort ei vurdering av moglege sumverknadar av den aktuelle utbygginga sett i høve til kraftverk som er utbygde, kraftverk som har fått konsesjon og nye, prosjekt det er søkt om i området. Desse vurderingane er omtalt/sitert i saksutgreiningane til dei sju prosjekta som følgjer saka. Ingen av søkjarane har konkludert slik at det aktuelle prosjektet eller andre det er søkt om, bør leggest til sides eller avslåast på grunn av sumverknadar.

4. Andre sitt syn på dei sju søknadene

Gloppen kommune, kommunestyret 24.03.2014, sak 009/14.

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege innvendingar mot at det blir gitt konsesjon til

Kleivafossen Kraft AS for bygging av Neselva II kraftverk. Kommunestyret oppmodar om at det blir vurdert løysingar som inneber redusert omdisponering av dyrka mark når det gjeld veg til kraftstasjonen, og oppmodar også om at eit parti med krevjande terreng i røyrgatetraseen mellom inntaket og granfeltet blir via særskilt merksemd i samband med detaljprosjektering og opparbeiding for å avgrense terrengingrepa.

Jølster kommune, tilråding frå rådmannen 23.04.2014 (politisk handsaming 30.04.2014)

Den planlagde utbygginga av Øvrebø kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Øvrebø kraftverk, men ber NVE vurdere minstevassføring opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi. Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan. Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve. Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1. Det vert elles synt til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

Rådmannen har nesten likelydande framlegg til vedtak for kvart av dei fem andre prosjekta.

Rådmannen si samla vurdering for dei seks søknadene:

Dei planlagde utbyggingane er vurdert som lite konfliktfylt kvar for seg, og Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av kraftverka. Vurdering av samla belastning av utbyggingane er Jølster kommune usikker på, og vil be NVE vurdere minstevassføring opp mot tap av verdi av biologisk mangfald og landskapsverdi.

I rådmannen si saksutgreiing er det sagt dette:

NVE bed høyringspartane om å vurdere alle søknadane kvar for seg, men og alle sakane samla. Jølster kommune har vurdert alle søknadane med grunnlag i tilgjengeleg kunnskap innanfor relevant fagfelt, lokalkunnskap og gjennom synfaring på alle områda gjennomført 09.04.2014. Jølstravatnet, Kjøsnesfjorden og Breimsvatnet har tilførsle av ei rekkje elver med kjelde i fjella kring vatnet. Dette er rein fornybar energi som Jølster kommune vil legge til rette for å utnytte (ref. samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025). Det er gjeve konsesjon til 18 småkraftverk/minikraftverk i Jølster, og 6 har fått konsesjonsfritak. Det føreligg konkrete planar om småkraftutbygging for fleire av elvene, der 6 prosjekt er under handsaming. Dette reduserer talet på urørte eller framtidig urørte elver, og vil gjere konsekvensane for artar meir alvorleg for kvar elv som vert bygd ut. Dersom det vert gjeve konsesjon til alle omsøkte prosjekt i Jølster vil ein stor andel av natur knytt til små- og middels store elvar verte råka. I regional plan knytt til vasskraftutbygging for Sogn- og fjordane er fossar/stryk som er viktige landskapselement lista opp. 20 av desse er i Jølster, og halvparten av dei har fått redusert vassføring som følgje av vasskraftutbygging. Av dei 6 omtala søknadene som no ligg inne, vil ytterlegare 2 få redusert vassføring. Dersom desse også får konsesjon, vil totalt 8 av 20 stå igjen med naturleg vassføring. Dette kan også få betydning for artar som fossefall, oter og strandsnipe, som er raudlista (nært trua). To av prosjekta råkar naturtypane fossesprøytsone og bekkekløft. I fossesprøytsone fin ein fosseberg- og fosseeng som er raudlista naturtype. Kommunen ber NVE vurdere om føreslåtte minstevassføringar er tilrådeleg for at landskapsverdiar og naturverdiane samla sett ikkje vert redusert i for stor grad.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, vedtak i brev til NVE 30.04.2014.

Villreinnemnda ser det som svært uheldig å etablere nye tekniske inngrep i villreinområdet då dette senker terskelen for liknande tiltak som kan bidra til å uroe rein. Av dei omsøkte prosjekta er det Kupekraft som har inntak i fjellområde nytta av villrein. Utbygginga i seg sjølv vil, etter gjennomført anleggsfase, truleg ikkje gje skadeverknader på rein. Anleggsarbeidet vil kunne føre til at rein skyr områda. Særleg er omfattande helikopteraktivitet ei stor påkjenning for dyra.

Villreinnemnda vil be om fylgjande avbøtande tiltak:

- Stopp i anleggsarbeidet dersom det kjem rein inn i dalen med anleggsaktivitet eller på fjellryggane direkte ovanfor anleggsområda, med igongsetting att når dyra reiser vidare.
- Krav om tilbakeføring til naturleg vegetasjon i røyrgatetraseane for alle prosjekta. Det bør ikkje tillatast traktorveg til Stegsvatnet.
- Trasear for helikopterflyging bør fylgje dalføret, der ein unngår overflyging av fjellryggane som ligg aust- og vest for inntaka i samtlege prosjekt.

Me vil vidare be om å få innsikt i, og høve til å kome med innspel til aktuelle landskaps- og miljøplanar som vert laga i utbyggingsprosjekta for dei 3 prosjekta som ligg på nordsida av Jølstravatnet (Øvrebø, Helgheim og Kupekraft).

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, konklusjon i brev 29.04.2014 til NVE.

Fylkesmannen har vurdert om sju nye småkraftprosjekt i Jølstravassdraget og Breimsvassdraget kan råke kjende allmenne interesser. Prosjekta er planlagde i eit område med store landskaps- og friluftsverdiar, men dei vil i ulik grad råke desse verdiane. Ut frå ei samla vurdering vurderer Fylkesmannen at fire av søknadene kan akseptast med nødvendige endringar. Åmot kraftverk og Driva kraftverk vil råke nasjonale interesser knytt til landskap og friluftsliv i så stor grad at vi fremjar motsegn til søknadene. Vidare rår vi i frå at det vert gjeve konsesjon til Paulen kraftverk, som vil råke naturmiljø og friluftsliv og samtidig gje liten energigjinst.

5. Fylkesrådmannen har konkludert slik i saksutgreiingane for dei sju prosjekta.

Øvrebø kraftverk

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt konsesjon. Av omsyn til landskap og brukarinteresser må minstevassføringa om sommaren aukast noko. Minstevassføring tilsvarande 5-persentilen vil redusere årsproduksjonen med 0,3 GWh. Fylkesrådmannen sitt framlegg om 200 liter/sek om sommaren vil bety ein noko større reduksjon.

Helgheim kraftverk

Fylkesrådmannen konkluderer med at tiltaket berre vil bety små konflikhtar i høve landskap, friluftsliv og kulturminne og vil rår til at det vert gitt konsesjon. Det er kort avstand frå kraftstasjonen til næraste hus (60 meter) og til Helgheim kyrkje (100 meter). Det må difor leggest stor vekt på støydemping og tilpassing i høve til landskap og til bygningsmiljø. Tilhøvet til kulturminne må avklarast.

Kupekraft kraftverk .

I verneforskrifta for landskapsvernområdet er det opna for at Stegsvatnet kan regulerast innafør øvre og nedre naturlege nivå. Denne delen av tiltaket er difor klarert på førehand. Alternativet med inntak i sjølve vatnet er vurdert til å vere ei betre løysing enn inntak i elva like nedanfor utløpet frå vatnet. Fylkesrådmannen meiner at det vil vere svært uheldig med eit så omfattande inngrep som det her er planlagt, legging av rørgate og bygging av anleggsveg, i eit område med nasjonal verdi for friluftsliv og som er ein viktig innfallsport til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Området har også stort potensiale for automatisk freda kulturminne og det ligg kulturminne frå nyare tid i området. Fylkesrådmannen meiner at det må seiast nei til framlegget til utbygging basert på rørgate og anleggsveg vest for Såtehaugen. Om det skal gjevast løyve til utbygging, må dette baserast på at vassvegen vert lagt i fjell. Av omsyn til landskap og brukarinteresser må det sleppast meir vatn enn alminneleg lågvassføring (50 l/sek) frå inntaket. Fylkesrådmannen foreslår 300 liter/sek. Dette er 164 l/sek mindre enn 5-persentil sommar.

Åmot kraftverk

Driva fossen og stryka ovanfor og nedanfor er svært viktige landskapselement i den indre delen av Stardalen både når det gjeld lyd- og synsinntrykk. Høyset og Haugadalen er ein viktig innfallsport til turområde i og ved Jostedalsbreen nasjonalpark. Etter ei eventuell utbygging vil elva Driva bli sterkt redusert ved moderate vassføringar. Fylkesrådmannen er merksam på at prosjektet Åmot kraftverk står fram som eit økonomisk gunstig prosjekt som vil gje ein relativ stor årleg kraftproduksjon, men meiner at desse fordelane ikkje kan vege opp for ulempene knytt til landskaps- og brukarinteresser for området ved Høyset og Haugadalen og for Stardalen sett under eitt. Fylkesrådmannen rår difor i frå at det vert gitt konsesjon. Om det likevel skulle bli gitt løyve til utbygging, meiner fylkesrådmannen at det må sleppast ei minstevassførig om sommaren som minst svarar til 5-persentilen, dvs. minst 1,5 m³/sek.

Paulen kraftverk

Fylkesrådmannen rår frå at det vert gitt løyve for utbygging primært av omsyn til det regional viktige kulturminnet «Den trondhjemske postveg» som går gjennom tiltaksområdet. Fleire stader er det fare for direkte øydelegging av vegen. I dette området har det vore ferdsle langt tilbake i tid mellom Breimsvatnet og Jølster, og området har kulturlandskap med karakteristiske element.

Driva kraftverk

Driva med sine stryk og små fossar er eit svært viktig element i landskapsbildet, både når det gjeld lyd- og synsinntrykk. Tiltaket som er planlagt vil bety redusert vassføring i elva og omfattande arbeid med dam, rørgate og ein relativt stor kraftstasjonsbygning i ope fjellterreng. Det vil ta lang tid før sår i landskapet vil gro igjen. Fylkesrådmannen meiner at det vil vere svært uheldig med eit så omfattande inngrep, i eit område med nasjonal verdi for friluftsliv og som er ein viktig innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. Det meste av den aktuelle elvestrekninga er godt synleg frå nærområdet inkludert veg og sti oppover dalen, men er ikkje synleg frå busetnaden nede i bygda. Fylkesrådmannen er merksam at prosjektet Driva kraftverk står fram som økonomisk gunstig prosjekt og som vil gje ein relativ stor årleg kraftproduksjon, men meiner at desse fordelane ikkje kan vege opp for ulemper knytt til landskaps- og brukarinteresser. Fylkesrådmannen rår difor i frå at det vert gitt konsesjon. Om det likevel skulle bli gitt løyve til utbygging, meiner fylkesrådmannen at det må sleppast ei minstevassførig om sommaren som svarer til 5-persentilen, dvs. 1,4

m3/sek. Sikring av kraftstasjonsbygningen mot ras/steinspang må kombinerast med å utforme/tilpasse bygningen best mogeleg til landskapet

Neselva II kraftverk

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt konsesjon. Sjølv om elva er lite synleg på utbyggingsstrekninga, så meiner fylkesrådmannen at minstevassføringa bør aukast til minst 400 liter/sek av omsyn til brukarinteressene.

6. Fylkesrådmannen si vurdering av samla verknader/sumverknader

Fylkesrådmannen har vurdert dei sju prosjekta kvar for seg, jf. avsnitt 5 og dokument 3-9 som følgjer saka. I tillegg til vurderinga av det einskilde anlegg er det gjort generelle og samla vurderingar.

Kulturminne, landskap og friluftsliv/brukarinteresser

Frå før er det bygt ut mange småkraftverk både i Jølster og Gloppen. I «Jølsterpakken» er det lagt fram seks nye prosjekt i Jølster og eitt i Gloppen. Landskapsrommet i området er stort, og fylkesrådmannen vurderer at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudinstrykket av landskapet. Samla ulemper frå alle dei aktuelle prosjekta for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv er vurdert til å vere moderate, men ulempene varierer frå prosjekt til prosjekt.

Ved vurdering av dei seks prosjekta i Jølster kvar for seg kjem fylkesrådmannen til at ulempene for allmenne og private interesser knytt til Åmot kraftverk og Driva kraftverk, vil bli større enn fordelane ved utbygging. Drivafossen og stryka ovanfor og nedanfor er svært viktige landskapselement i den indre delen av Stardalen både når det gjeld lyd- og synsintrykk. Høyset og Haugadalen er ein viktig innfallspurt til turområde i og ved Jostedalsbreen nasjonalpark. Etter ev. utbygging av dei to prosjekta, vil elva Driva bli sterkt redusert ved moderate vassføringar. Konsekvensane av dette vil først og fremst merkast lokalt, men også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser.

Inntaket og ein stor del av rørtrasen til Kupekraft kraftverk i Årdalselva/Daleelva vil ligge i eit område med nasjonal verdi for friluftsliv. Inntaket vil ligge innafor eller tett ved grensa til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Øvre delen av tiltaksområdet har ingen menneskelege inngrep utanom stien opp til Stegsvatnet. Fylkesrådmannen meiner at det vil vere uheldig med eit så omfattande inngrep som det her er planlagt, og meiner at det må seiast nei til utbyggingsforslaget med rørgate og anleggsveg vest for Såtehaugen. Dei planlagde inngrepa vil vere til ulempe for landskapsinteresser og brukarinteresser lokalt og for eit større område. Om det skal gjevast løyve til utbygging, så må dette baserast på at vassvegen vert lagt i fjell.

I nærområdet til det planlagde Neselva II kraftverk i Gloppen kommune er det frå før bygt ut desse kraftverka: Neselva I, Kandal (Indre Kandal), Årdal Nedre og Årdal Øvre kraftverk. Anlegga knytt til Neselva II vil bli moderate i storleik og ligg slik til at dei vil ikkje virke dominerande i landskapet. Prosjektet vil ikkje få verknader for eit større område.

Økonomiske tilhøve

Det er opp til den enkelte søkjaren å vurdere framtidig lønsemd knytt til sitt prosjekt. Det er mange faktorar som påverkar resultatet over kraftveret si levetid. Ein indikator på om eit prosjekt er dyrt eller billeg å bygge ut er utbyggingsprisen = utbyggingskostnad / årleg middelproduksjon i kr/kWh. Nedanfor er det sett opp ein tabell som viser tal henta frå søknadene. Gjennomsnittleg utbyggingspris for alle sakene som fylkeskommunen hadde til handsaming i 2013, var 3,80 kr/kWh.

Prosjekt	Utbyggingskostnad mill. kroner	Årleg produksjon GWh	Utbyggingspris Kr/kWh
Øvrebø kraftverk	38,8	10,2	3,80
Helgheim kraftverk	29,0	7,4	3,92
Kupekraft kraftverk	84,0	30,4	2,76
Åmot kraftverk	81,0	28,0	2,89
Paulen kraftverk	15,0	4,0	3,70
Driva kraftverk	63,3	17,8	3,64

Neselva II kraftverk	43,0	20,6	2,09
Sum/gjenn.sn. utb. pris	354,10	118,4	3,25*

*=Gjennomsnitt for utbyggingsprisane som er oppgitt i søknadene.

7. Konklusjon

Frå før er det bygt ut mange kraftverk både i Jølster og Gloppen. I «Jølsterpakken» er det lagt fram seks nye småkraftprosjekt i Jølster og eitt i Gloppen. Landskapsrommet i området er stort, og fylkesrådmannen vurderer at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudintrykket av landskapet. Samla ulemper frå alle dei aktuelle prosjekta for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv er vurdert til å vere moderate, men ulempene varierer frå prosjekt til prosjekt. Fylkesrådmannen har vesentlege merknader til fire av prosjekta, Kupekraft, Åmot, Driva og Paulen. Negative konsekvensar av utbyggingsforslaga vil først og fremst merkast lokalt, men for Kupekraft, Åmot og Driva vil dei merkast også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser.

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Øvrebø, Helgheim og Neselva II kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og rår til at det vert gitt løyve til utbygging på slike vilkår:

1. For Øvrebø kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 200 liter/sek.
2. For Helgheim kraftverk skal det leggst stor vekt på støydemping ved kraftstasjonen og tilpassing i forhold til landskap og til bygningsmiljø.
3. For Neselva II kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til minst 400 liter/sek.

Fylkesrådmannen meiner at det må seiast nei til utbyggingsforslaget for Kupekraft kraftverk basert på rørgate og anleggsveg vest for Såtehaugen. Om det skal gjevast løyve til utbygging, må dette baserast på at vassvegen vert lagt i fjell. Av omsyn til landskap og brukarinteresser må det sleppast meir vatn enn alminneleg lågvassføring (50 l/sek) frå inntaket. Fylkesrådmannen foreslår 300 liter/sek.

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Åmot kraftverk og Driva kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er lagt vekt på at elva Driva er eit viktig landskapselement både med fossen og stryka ved Høyset og små fossar og stryk høgare oppe i Haugadalen. Det er lagt vekt på at det gjennom Haugadalen går ei viktig turrute innover i Jostedalsbreen nasjonalpark. Om det likevel skulle bli gitt konsesjon for Åmot og/eller Driva kraftverk, må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 1,5 m³/sek for Åmot-prosjektet og 1,4 m³/sek for Driva-prosjektet.

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Paulen kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er m.a. lagt vekt på at det regionalt viktige kulturminnet «Den trondhjemske postveg» går gjennom tiltaksområdet og at det fleire stader er direkte fare for å øydelegge dette kulturminnet.